

Å R S M E L D I N G O G R E K N E S K A P 2 0 0 9

coop

Vest SA



coop
litt
ditt

NB!

I 2010 vert valet av medlems-
tillitsvalde i Coop Vest flytta
frå krinsårsmøta og inn
i butikkane.
Valdagane er 12.
og 13. mars.

Best i landet

Coop Marked Syvde
blei kåra til beste
butikk i landet
i 4. kvartal 2009.



MEDLEMSTILBOD
**Mange gode
tilbud i avisa!**

Kronborgveien 34
Hovudkontor 57 83 44 00

**coop
extra**

- Daglegvarer 57 83 44 40
- Bygg 57 83 44 60

**coop
marked**

- Askvoll 57 73 00 74
- Balestrand 57 69 12 06
- Barstadvik 70 06 00 64
- Brekke 57 78 54 07
- Byrkjelo 57 86 88 90
- Fiskå 70 02 10 33
- Florø 57 74 14 88
- Folkestad 70 07 30 32
- Fyrde 70 05 00 16
- Gjerdsвика 70 02 75 03
- Hornindal 57 87 84 10
- Kvamsøy 70 02 95 03
- Larsnes 70 02 81 62
- Lauvstad 70 05 50 03
- Leikong 70 08 30 32
- Lærdal 57 66 62 30
- Moltu 70 08 50 16
- Naustdal 57 81 93 72
- Olden 57 87 34 70
- Raudeberg 57 85 25 70
- Reed 57 86 81 03
- Rovde 70 02 26 12
- Sande 57 71 64 01
- Sandsøy 70 02 90 80
- Svelgen 57 79 60 60
- Syvde 70 02 32 40
- Tjørnvåg 70 08 41 12
- Vadheim 57 71 48 01
- Vassenden 57 72 72 00
- Åheim 70 02 09 10

**coop
prix**

- Gaupne 57682370
- Hareid 70095740
- Hermansverk 57653121
- Kaupanger 57678350
- Sandane 57865355
- Selje 57859270
- Stryn 57872790
- Ørsta 70066913
- Øvre Årdal 57663066
- Årdalstangen 57648681

**coop
mega**

- Eid 57 86 07 33
- Florø 57 74 86 20
- Fosnavåg 70 08 18 90
- Førde 57 83 07 48
- Sandane 57 86 70 20
- Sogndal 57 62 88 04
- Ulstein 70 01 82 90
- Volda 70 05 96 00
- Ørsta 70 04 52 00
- Øvre Årdal 57 64 88 59

**coop
byggmix**

- Byrkjelo 57868890
- Gaupne 57682360
- Hermansverk 57653690
- Hornindal 57878415
- Sandane 57867022
- Ulsteinvik 70018200
- Volda 70074940
- Åheim 70020920

Andre:

Coop Nærkjøp

- Fortun 57686128
- Fresvik 57697400
- Skjolden 57686616

Glas og jern

- Eid 57860462

Gullsmed

- Førde 57834480
- Øvre Årdal 57648863

Manufaktur

- Førde 57830744
- Sandane 57867011
- Sogndal 57628826
- Øvre Årdal 57648861

Post/Tipping

- Øvre Årdal 57648854

Esso

- Breim 57867346



Visjon: Vi skal vere den føretrakne staden å handle daglegvarer og andre produkt/tenester som kjeda tilbyr i sitt handelsområde.

Kjære Coopmedlem og Cooptilsette

■ **Coop Vest SA** er ein oppegåande 2-åring og har lagt bak seg endå eit år. Eit år der fokus framleis er å tilpasse laget og oppfylle strategien om at Coop Vest BA skal vere den føretrakne staden å handle daglegvarer og andre produkt/tenester kjeda tilbyr i sitt handelsområde.

■ I slike prosessar er eitt år kort tid, men 2009 har gitt auka volum og marknadsdelar for laget. Medlemsmassen veks og det blir fleire medlemmer som nyt godt av medlemsskup og bonus. Fokus har vore på rutinar, vareflyt, svinn, terping av best praksis, klar for kunde og mykje meir. Repetering – kanskje kjedeleg – men likevel sær viktig for å få alt til å fungerar. Opprusting gjennom Coop-løftet gjer at laget sine butikkar framstår som enno meir moderne og friskare i fargen slik dei handlande møter oss. I tillegg skal Coop Vest SA posisjonere seg i nye kjerneområder, men på same tid også bevare mangfaldet og distriktprofilen i lag med butikkstrukturen.

■ Coop Vest har i året som har gått redusert tal butikkar. Dette er også ein del av det å drifte og utvikle Coop Vest SA vidare. Dette er vanskeleg og krevjande prosessar som der og då kan verke negativt inn på heile organisasjonen og våre medlemmer. Coop Vest SA er avhengig av å tene pengar for å kunne fornye både butikkane og bygge ny kompetanse hos dei tilsette og tillitsmannsapparatet. Coop Vest SA sine tillitsvalde har i året som har gått sett dei unge i fokus. UNG i COOP'en er eit eige prosjekt som satsar målbevist på dei unge som tilsette, som medlemmer og som tillitsvalde i styre og ulike utval.

Med alle desse momenta ser eg som styreleiar verkeleg kor viktig følgjande er: INFORMASJON og KOMMUNIKASJON mellom menneske i heile COOP VEST sin organisasjon.

Våre tilsette er Coop Vest sin viktigaste ressursar.

■ Også i vår bransje, som for mange andre deler av næringslivet, er det slik at det som Coop Vest SA presterte i året vi har bak oss ikkje automatisk betyr noko for året vi no går inn i. Coop Vest SA skal og vil vidare, i dei strategiar som alt er trekt opp. Det blir å terpe på det same, vi skal investere og fornye oss. Coop Vest SA er avhengig av at vi alle i heile organisasjonen tar i eit tak og bryr oss og tek ansvar om det er som tilsett eller i tillitsmannssystemet.

■ Også her har det i året som har gått vore gjort endringar, med eit mindre tillitsmannskorps, der Coop Vest SA har redusert krinsar frå 23 til 10, og medlemmer i årsmøtet frå 45 til 30. Vi ønskjer å engasjere organisasjonen på ein spissa måte, der butikksjef og butikkråd vil komme inn og gjere butikkane enno meir profilerte enn dei alt er. Vi vil også få val i butikk. Styret vidarefører fadderordninga, eit viktig bindeledd mellom den enkelte krins og styret der kvar styremedlem skal arbeide for at kommunikasjonen til ei kvar tid er optimal.

■ Det er når struktur i dei ulike områda skal leggst at ein ser kor viktig dei tilsette i butikken og butikk-sjefen, krinsar, styre og medlemmane sitt engasjement er for å kunne leve vidare med ei positiv utvikling. Det skal vere utfordrande og engasjerande å tilhøyre Coop.

Gratulerer og takk til Dykk alle for flott innsats i året som har gått.

Eg er overtydd om at vi saman i året som kjem vil utvikla Coop Vest SA sine butikkar til å bli enno fleire handlande sitt førsteval.

Førde, 22. februar 2010.

Wilhelm Gjertsen
styreleiar Coop Vest SA

Stort utval
i dåpsgåver!



MEDLEMSTILBOD

÷30%
på graving

Tilbodet gjeld i veke 10,11 og 12

Førde
Gullmedalje

Telefon 57 83 44 80

coop
extra

Coop Vest 2009 i bilete

2009 har vore eit spennande år og det har skjedd mykje i butikkane. Dette blir fortalt gjennom bilete utover i avisa.



Tillitsvalde i Coop Vest SA

Årsmøtet 2009

Lasse Rindal ordførar

ASKVOLL

Arne Holmelid
Terje Strømmen vara
Halvor Husabø vara

BALESTRAND

Synnøve Balevik
Anita Hjønnvåg vara
Bjørn Sjøthun..... vara

EID

Inge Lindvik
Lisbeth Fanøy Nord vara
Oddbjørg Steintveit vara

FLORØ

Håkon Bjåstad
Anne Grete Brandsøy vara
Marit Bareksten vara

FRESVIK

Hildegunn Tretteteig
Hild Jorunn Kårtveit vara

FØRDE-NAUSTDAL-VASSENDEN

Britt Tjønneland
Urd Sjursen Takle
Harald Kvame
Orlaug Hove
Morten Årset
Reidar Veien vara

GLOPPEN OG BREIM

Solveig Gusdal
Helge Raad vara
Kurt Mellingen vara

HAREID

John Stennes



Styret: Bak f. v.: Wilhelm Gjertsen, styreleiar, Margaret Ness Solheim, Trudi Vågene, Harald Lillestøl og Anders Kleiveland. Framme f. v.: Geir Hole, Lasse Rindal, ordførar og Ragnhild Dybvik.

Øystein Velsvik vara
Arne Otto Hovden..... vara

HERØY

Björg Sæter
Peder Nerem vara
Mikael Nykrem vara

HORNINDAL

Solveig Brendefur
Jan Svår vara

LUSTER

Jan Norvald Steig
Anders Bolstad vara
Eidar Sønnesyn vara

SANDE

Kjell Kvalen
Vidar Våge vara
Randi Støylen vara

SELJE

Bjarne Krakereid
Dag Austring vara
Gerd Bakkebø vara

SOGNDAL OG LEIKANGER

Carl Leo Cirotzki
Ellen Lund Hamre
Finn Lilleby vara
Gry Tokvam vara

SVELGEN

Terje Rebni
Geir Ask vara

STRYN

Kjell Roset
William Fredheim vara

ULSTEIN

Greta Aurvåg
Liv Janne Dalehamn vara
Knut Erik Engh vara

VADHEIM-SANDE-BREKKE

Herfinn Takle
Aksel Rødland vara
Randi Nydal vara

VANYLVEN

Lasse Rindal

Inge Hellebust vara
Kjellrun Aaram Aasvik vara

VOLDA

Hallstein Kvangarsnes
Erling Skarstein vara
Erling Ulvestad vara

VÅGSØY

Gerda Haugen
Ronny Mobakken vara
Tove Lill Refvik Volle vara

ØRSTA

Wenche Volle
Jorunn Haugen
Bjarte Myklebust vara

ÅRDAL OG LÆRDAL

Knut O Aarethun
Eli Kleiven
Bjørn Lindland vara
Björg Størseth vara

TILSETTE

Arne Magne Espeland
Aslaug Huus
Helge Eineberholm
Hege Stokka
Marit Botnen
Jan Flatland
Henny Marheim
Astrid Bjørkum
Ola Sætre
Gerd Eidheim
Sigmund Lødemell
Nelly Tefre
Anne Britt Warholm
Tordis Thunem

Styret

Wilhelm Gjertsen, leiar....Førde
Geir Hole, nestleiarVardal
Margaret
Ness Solheim..... Førde

Trudi Vågene Svelgen
Harald Lillestøl Gjerdsвика
Anders Kleiveland Førde
Ragnhild Dybvik Tjørvåg

Vara styret

Jan Norvald Steig Fortun
Karen Hornnes..... Førde
Geir Årvik..... Stadlandet
Martin Hamre,
for dei tilsette Sandane
Anne Grete Riise,
for dei tilsette Hjørungavåg

Kontrollnemnd

Oddfrid Øvreberg, leiar.. Åheim
Anne- G S. Voldnes Gurskøy
Harald Haugen Gaupne
Vara kontrollnemnd
Audun Sandnes Eidså
Nina Skjærli..... Førde

Krinsutval

ASKVOLL

Arne Holmelid leiar
Terje Strømmen
Sissel Røstenskar
Hallvor Husebø vara
Lill Hege Pedersen vara

BALESTRAND

Synnøve Balevik leiar
Björg Sjøtun
Anita Hjønnvåg
Ragnar G Aaland vara

EID

Inge Lindvik leiar
Oddbjørg Steintveit
Lisbeth Fanøy Nord
Bjørn Haugland
Stein Tore Høyenes vara
Else Iren L Skolbones vara



COOP LØFTET Coop Vest har i 2009 oppgradert 49 butikkar for 12,5 millionar kroner

FRESVIK

Hildegunn Tretteteig leiar
Bente Settevik
Rune Hatlelid
Hild Jorunn Kårtveit vara

FLORØ

Håkon Bjåstad leiar
Marit Bareksten
Anne Grete Brandsøy

FØRDE-NAUSTDAL-VASSENDEN

Britt Randi Tjønneland leiar
Ivar A Sunde
Morten Årset
Harald Kvame
Orlaug Hove
Anne Berit Voll Åsen vara

VADHEIM-SANDE-BREKKE

Herfinn Takle leiar
Aksel Rødland
Idar Senneset
Tove Osen
Ann Helen Søgner vara

GLOPPEN-BREIM

Solveig Gusdal leiar
Kjell Bådstø
Helge Raad
Leidulf Gloppestad
Torill Merkesdal vara

HORNINDAL

Solveig Brendefur
Aashild Sæthren
Jan Svår
Jon Ytrehorn vara
Olaug Haugen vara

HAREID

John Stennes leiar
Øystein Velsvik
Arne Otto Hovden
Eva Øvrelid Hasfjord vara

HERØY

Björg Sæter leiar
Ada Fjødtoft Kleppe

Randi A. Rønning

Svein Selvåg
Gerd Moldtubakk vara
Linda Eide vara

LUSTER

Jan Norvald Steig leiar
Eidar Sønnesyn
Anders Bolstad
Johannes Vedvik vara

SANDE

Kjell Kvalen leiar
Vidar Våge
Randi Støylen
Magne Hjelle vara
Johanne Gotten Pedersen vara

SELJE

Bjarne Krakereid leiar
Anita O Hoddevik
Ivar Skorbo
Eline Sandnes vara
Gerd Karin Bakkebø vara

SVELGEN

Terje Rebni
Geir Ask
Øyvind Grindheim

SOGNDAL OG LEIKANGER

Carl Leo Cirotzi leiar
Ellen Lund Hamre
Ingfred Ringstad
Gry Tokvam
Finn Lilleby
Jarle Kvam vara
Birgit Gjerland vara

STRYN

Kjell Roset leiar
William Fredheim
Winnie Strand
Elna Kristiansen Vollan vara
Kolbein Fritun vara

ULSTEIN

Greta Aurvåg leiar
Liv Janne Dalehamn

Knut Erik Engh

Gry Osnes Nordal vara
Gerd Fjellanger vara

VOLDA

Hallstein Kvangarsnes leiar
Erling Ulvestad
Erling Skarstein
Solfrid Nautvik
Siw Meek Helland vara

VANYLVEN

Lasse Rindal leiar
Jostein Holsvik
Inge Hellebust
Svein Ove Knardal vara
Kjellrun Aaram Aasvik vara

VÅGSØY

Gerda Haugen leiar
Ronny Mobakken
Tove Lill Refvik Volle
Atle Kråkenes vara
Asjerd Vedvik vara

ØRSTA

Wenke Volle leiar
Jorunn Hauge
Jens Ole Løken
Jon Helge Bjørndal
Jan Erik Volle vara

ÅRDAL-LÆRDAL

Knut O Aarethun leiar
Eli Kleiven
Tor Anders Offerdal
Björg Størseth
Bjørn Lindland
Jane Grete Stedje vara
Anne K Damstuen vara



MEDLEMSTILBOD

÷30%

på alle
herrebukser/jeans

Tilbudet gjeld i veke 10,11 og 12

DOMUS

• Førde • Øvre Årdal • Sogndal

Best i landet

Coop Marked Hornindal vart kåra til butikken med «Best Praksis» i landet. Coop Mega Florø kom på ein god andreplass. Vi er ikkje berre «Best i Vest», men også «BEST i LANDET».



Jorun Kjøs, Coop Marked Hornindal.

Velkommen til KRINSÅRSMØTE i Coop Vest SA

Dato	Krins	Stad	Tidspunkt
16. mars	Stryn, Hornindal og Eid	Raftvoll Hotell	kl 19:00
16. mars	Vågsøy, Selje og Vanylven	Selje Hotell	kl 19:00
17. mars	Sande, Herøy, Ulstein og Hareid	Ulsteinvik Folkeh.skule	kl 19:30
17. mars	Ørsta og Volda	Åsentunet	kl 19:00
18. mars	Førde, Naustdal, Vassenden Vadheim, Sande, Brekke, Askvoll	Sande Kro og Hotell	kl 19:00
18. mars	Florø og Svelgen	Svelgen Hotell	kl 19:00
23. mars	Gloppen og Breim	Domus Kafe, Sandane	kl 19:00
23. mars	Sogndal, Leikanger, Luster	Sogndal Hotell	kl 19:00
24. mars	Balestrand og Fresvik	Midtnes Pensjonat	kl 19:00
24. mars	Årdal og Lærdal	Klingenberg Hotell	kl 19:00

Coop Vest er organisasjonsmessig inndelt i 10 krinsar. Kvar av desse krinsane har eit eige krinsutval som er bindeleddet mellom medlemene/eigarane og Coop Vest sitt styre.

Coop er «litt ditt» og medlemmene er våre eigarar. Derfor er det kvart år val på medlemstillitsvalde i Coop. Tidligare har desse vala føregått på dei årlege krinsårsmøta. For å gjere det enklare for våre medlemmer å stemme flyttar vi valet inn i butikkane. Valdatoane i 2010 er fredag 12. mars og laurdag 13. mars.

SAKLISTE FOR ÅRSMØTA:

1. Opning ved krinsleiar og val av sekretær
2. Orientering om styret si årsmelding, rekneskap og krinsen sine butikkar
3. Krinsutvalet si årsmelding
4. Tilkomne saker

Velkommen

Årsmøtet vert halde **torsdag 15. april**.
Medlemene av årsmøtet får skriftleg innkalling.

Lasse Rindal
ordførar i årsmøtet

NB!

I 2010 vert valet av medlems-
tillitsvalde i Coop Vest flytta frå
krinsårsmøta og inn i butikkane.
Valdagane er 12.
og 13. mars.



Sonja Brendø, Coop Mega Florø.

Transport

Coop Vest har eiga driftsmiddel og transport-avdeling på Byrkjelo



Årsmelding og rekneskap for Coop Vest SA

ØKONOMISK SAMFUNNSUTVIKLING

Konsumprisindeksen steig med 2,1 prosent frå 2008 til 2009, mot ein årsvekst på 3,8 i 2008. Berekna husleige for sjølv-eigarar og matvareprisane bidrog mest til oppgangen. Berekna husleige steig i gjennomsnitt med 3,3 prosent frå 2008 til 2009. Matvareprisane hadde ein årsvekst på 3,9 prosent, noko som blant anna skuldast sterk vekst i prisane på meieriprodukt samt brød og kornprodukt.

Andre viktige faktorar som påverka årsveksten, var prisauken på tenester innanfor kultur og fritid, samt alkoholhaldige drikkevarer og tobakk. Prisnedgang på energivarer frå 2008 til 2009 bidrog til å dempe årsveksten.

Prisane på matvarer auka med 3,9%, alkoholfrie drikkevarer med 6,6% frå 2008 til 2009. Alkoholhaldige drikkevarer steig med 5,2%, medan tobakksvarer hadde ein prisauke på 4,7%.

Samvirkelaga ser ut til å få ein samla omsetning i 2009 på omtrent 36,2 milliardar kroner. Dette tilsvarer ein auke på 3,0 % frå 2008. I tillegg kjem omsetninga frå Smart Club AS, som vart overteke av Coop Noreg SA 4. august 2008. Inkludert Smart Club AS, blei den samla omsetninga på ca. 37,4 milliardar kroner, ein vekst på 5,0 % frå 2008. Innan daglegvarer har Coop hatt ein vekst på 6,2 prosent, medan marknadsveksten har vore på 6,1 %, Coop sin marknadsandel er omtrent uendra på 24,1 %.

Til samanlikning har Coop Vest SA hatt ein omsetningsauke i 2009 på 3,82%, omtrent som gjennomsnittet i landet.

Ved utgangen av 2009 var det 1.208.874 medlemmer i norske samvirkelag tilknytte Coop Noreg SA. Tilsvarande tal for føregåande år var 1.163.017.

Pr. 1.1.2010 var 132 samvirkelag medlemmer av Coop Noreg SA. Dette tilsvarer ein nedgang i 2009 på 3 lag og skuldast samanlutningar mellom 2 samvirkelag og 1 avvikling.

MAKROØKONOMISKE HOVDSTØRRELSAR (KILDE SSB, 3.12.2009)

Norsk økonomi er inne i konjunkturedgangen som starta tidleg i 2008, og som blei kraftig forsterka etter at finanskrisa treffe verdensøkonomien med full tyngde i fjor haust. Nedgangen i BNP Fastlands-Noreg gjennom sist vinter er imidlertid eit tilbaketog kapittel. Auker i BNP Fastlands-Noreg gjennom sommarhalvåret er likevel ikkje sterk nok til å kunne karakteriserast som ein konjunkturoppgang. Vi ventar at veksten vil halde fram, og ta seg moderat opp framover. Først i 2011 kan vi kome inn i ein konjunkturoppgang, og mot slutten av 2012 kan norsk økonomi vere ute av lågkonjunktoren. Etterdønn-ingane av finanskrisa gjer at arbeidsledigheita er forventet å auke noko ut neste år.

Veksten i BNP Fastlands-Noreg ser ut til å bli -1,1 % i 2009, for så å stige til 2,2 % i 2010. Lønnsveksten pr normalårsverk

FORDELING AV NETTO OMSETNING

Profil	2009	2008	Avvik i fht. 2008	
			kr	%
Mega	497.658.977	478.825.073	18.833.904	3,93 %
Extra	142.135.972	111.087.637	31.048.335	27,95 %
Prix	228.767.972	214.106.335	14.661.634	6,85 %
Marked	342.739.020	332.716.681	10.022.338	3,01 %
Nærkjøp	15.644.876	14.879.954	764.922	5,14 %
Faghandel	177.309.856	197.610.786	-20.301.200	-11,45 %
SUM COOP VEST	1.404.256.403	1.349.226.466	55.029.937	3,92 %

ser ut til å bli 3,9 % i 2009 og 3,5 % i 2010. Pengemarkedsrenta ser ut til å stige frå eit nivå på 2,5 % i 2009 til eit nivå på 2,7 % i 2010

Konsumprisindeksen er forventet å stige med 0,8 % i 2010. Arbeidsledigheita er forventet å stige frå eit nivå på 3,1 % i 2009 til eit nivå på 3,5 % i 2010.

DEN TOTALE OMSETNINGA I COOP VEST SA BLEI PÅ KR 1.404.256.403

Årsresultatet for Coop Vest SA blei kr 20.257.609 som er 1,44% av netto omsetning. I 2008 var resultatet 17.634.025.

Styret finn resultatutviklinga tilfredsstillande. Vi har gjennomført fleire store investeringar i løpet av året, m.a. gjennomføring av Coop Løftet i dei fleste daglegvarebutikkar, implementering av nytt lønns- og rekneskapssystem, samt oppgraderinga av butikkdatasystemet. Vi har lagt ned 2 butikkar i løpet av året, Nærkjøp Kalland og Marked Vartdal.

DISPONERING AV ÅRSRESULTATET


Styret vil foreslå at årsresultatet vert nytta slik:

Til rente på ansvarsinnskot	kr. 84.905,00
Til kjøpeutbytte	kr. 18.778.393
Til anna eigenkapital	kr. 1.394.311
Sum	kr. 20.257.609

MEDLEMSUTVIKLING

Som ein medlemseigd organisasjon har Coop ein unik plass

OMSETNING ETTER PROFIL



i varehandelen. Utbyttet blir utbetalt til medlemene, som alle har eigarandelar.


Medlemsutviklinga i 2009 viser god auke i tall nye medlemmer og var ved utgangen av året på 41.832 medlemmer i Coop Vest SA

Coop Vest SA sitt medlemskort vart benytta ved om lag 75% av all omsetning i butikkane våre. Berekna kjøpeutbytte på sal til eigne medlemmer utgjør 21.761.840 kroner. I tillegg kjem utbetaling frå samarbeidspartnarane våre 5.259.511 kroner. Kjøpeutbytte, medlemsrabattar og renter på medlemskontoen blir dermed utbetalt med til saman 31.349.199 kroner for 2009.

Få maksimalt ut av dine medlemsfordelar i Coop!



10 kroner medlemsrabatt på alle bleier



10% medlemsrabatt på innanlands samtalar, SMS og MMS



Nye bilar

Våre bilar viser igjen
på vegen når dei
køyrer fylka rundt.



Framhald styret si årsmelding

SPAREORDNING

Stadig fleire er blitt beviste på spareordninga i samvirkelaga. Totalt har medlemene 227.702.943 mill kr i Coop Vest SA. Rentene er konkurransedyktige, og innskota er garanterte av samvirkelaget sitt Garantifond A/L. Medlemene kan sjekke saldoen sin på eiga medlemsside på www.coop.no

VÅRE BUTIKKAR:

Driftsavdeling har hatt eit svært aktivt år med ombyggingar/justeringar av butikkar.

I 2009 gjennomførte vi Coop Løftet, som er ein av dei største butikkfornyngane i laget.

Målet er å gje eit skikkeleg løft for å heve standarden på daglegvarebutikkane.

Prixbutikkane på Sandane, Årdalstangen, Øvre Årdal, Kaupanger, Gaupne, Stryn, Selje, Ørsta, Hareid, Megabuttikkane i Florø, Sandane, Sogndal, Øvre Årdal, Nordfjordeid, Volda, Ørsta, Ulsteinvik, Fosnavåg. Markedsbutikkane i Florø, Byrkjelo, Sande, Vassenden, Vadheim, Brekke, Askvoll, Naustdal, Lærdal, Balestrand, Skjolden, Fyrde, Folkestad, Syvde, Rovde, Raudeberg, Lauvstad, Olden, Åheim, Barstadvika, Larsnes, Sandsøy, Gjerdsvika, Kvamsøy, Moltu, Tjørnvåg, Hornindal. har alle fått nye skilt, vindusdekor, ny innvendige baldakinar etc.

I samband med Coop Løftet fekk desse butikkane i tillegg:

Coop Marked Sande - større oppgradering med nye reolar og profilelement.

Coop Marked Byrkjelo - nye reolar, lyssetting, kjølediskar og frysediskar.

Coop Marked Olden - ny innreiing, panteautomat, vareplassering, nye frysediskar og profilelement.

Coop Marked Folkestad - nye frysediskar, reolar, vareplassering og profilelement.

Coop Marked Syvde - nye reolar, ny vareplassering og profilelement.

Coop Marked Larsnes - nye reolar, kjølediskar, vareplassering og profilelement.

Coop Marked Balestrand - ny vareplassering, generell oppussing og profilelement.

Coop Marked Naustdal - omfattande oppgradering med nytt golv, nye reolar, lyssetting, kjølediskar og innreiing.

Coop Marked Tjørnvåg - omfattande oppgradering med nytt golv, reolar, lyssetting, kjølediskar og innreiing.

Coop Marked Svelgen - Arbeidet med ei omfattande oppgradering av butikken starta hausten 2009 med nytt ventilasjonsanlegg og kjølediskar. Arbeidet vert ferdig i februar 2010.

Coop Prix Hermansverk - Utvida varesortiment og nye reolar på delar av butikken, oppgradering med profilelement.

Coop Byggmix Volda - nytt lagerbygg etter at den førre brann ned.

Coop Byggmix Sandane - butikken har fått ny vareplassering og nye profilelement.

Styret ser det som svært viktig at vi fornyar butikkane våre, slik at dei vert innbydande og rasjonelle å handle i. Til glede for våre kundar, medlemmar og tilsette.

NORD- SUNN EIGEDOMSSKAP AS

Nord-Sunn Eigedomsselskap AS er eit heileigd dotterselskap av Coop Vest SA. Selskapet har bokførte verdier i bygningar og tomter for kr 37.666.810,-. Driftsinntektene for selskapet vart kr. 4.335.019,-. Det er ein auke frå året før på kr 37.549,-. Årets resultat er på kr 185.598,- noko som er ein reduksjon frå året før på kr 375 486,-.

COOP VEST SA TEK SAMFUNNSANSVAR OG ER OGSÅ BANK

Fire av Coop Vest SA sine butikkar, Coop Marked Brekke, Byrkjelo, Vassenden og Nærkjøp Fresvik har teke over enkelte banktenester frå Sparebanken Sogn og Fjordane. Det ligg i grunntanken til Coop Vest SA at vi skal bidra til å sikre bygdene eit best mogleg servicetilbod med banktenester og minibank i tilknytning til den lokale butikken. Vi ventar at banktenestene vil gje ringverknader i form av auka omsetning i dei butikkane som har teke på seg jobben.

Med dei nye tenestene håpar vi Coop Markeda blir ein enno meir populær møtestad for folk i bygdene.

ORGANISASJON

Årsmøtet er Coop Vest SA sitt høgaste organ. I 2009 har det vore eit møte utover det obligatoriske møtet i samband med endeleg godkjenning av årsmelding og rekneskap. På haustmøtet i november vedtok årsmøtet i tillegg til dei ordinære sakene å redusere antall krinsar frå 23 til 10. Årsmøterepresentantar vart redusert frå 45 til 30, - 20 frå dei medlemsvalde og 10 frå dei tilsette. I tillegg blei det vedteke at Coop Vest SA skal ha ei valnemnd som innstiller både på val i krinsane og i årsmøtet. Det er då ingen valkomité for den enkelte krins.

Styret har i 2009 hatt 13 styremøter og 137 saker vart behandla.

På kvart møte får styret rapportar som viser omsetning i den enkelte butikk kvar månad og akkumulerte tal.

Årsmøtet i Distriktslag Coop Noreg - Vestlandet vart halde i Kristiansand 7. og 8. mai 2009. På møtet var Coop Vest SA representerte med sentrale tillitsvalte og tilsette.

Styret i Coop Vest SA består av 4 menn og 3 kvinner

MEDARBEIDARAR OG ARBEIDSMILJØ

Gjennom 2009 har til saman 1694 personar hatt tilsetjingstil høve i Coop Vest SA, og ved årets slutt var det registrert i alt 932 tilsette. Av disse var det 165 heiltidsstillingar og 767 deltidstillingar/ekstrahjelp, totalt 548 årsverk.

Kvinneandelen av tilsette i laget er stor, og 72,1% av årsverka vart utførte av kvinner. Laget hadde i 2009 37 menn og 51 kvinner i leiande stillingar.

Det totale sjukefråveret for Coop Vest SA var i 2009 i alt 6,9%. Av dette utgjorde kortidsfråveret 2,1%. I 2009 er der registrert 3 skader som har medført sjukmelding.

Målsetjinga for HMS-arbeidet i Coop Vest SA er primært å førebygge ulykker og helseskadar, samt å skape trivsel for medarbeidarane. Gjennom eit godt arbeidsmiljø, gode rutinar og konkurransedyktig drift skal vi lage gode løysingar som kundane våre ynskjer å benytte seg av.

SAMARBEIDS- OG MILJØUTVALET

Samarbeids- og miljøutvalet har i 2009 hatt følgjande samansetjing:

Frå arbeidstakar: Jostein Heilevang
Laila Berge
Arna Fjellkårstad
Gerd Eidheim
Ola Sætre
Jostein Eide
Sonja Brendø

Frå arbeidsgivar: Wilhelm Gjertsen
Remi Tystad
Ole Andre Leivdal
Geir Espe
Arild Hov

Arbeidet i Samarbeids- og miljøutvalet har vore utført i samsvar med retningslinjene. Laget har hatt 2 møter i 2009, og har mellom anna drøfta ombyggingssaker, verneområder, vernerundar og forslag til ny HMS-perm.

KOMPETANSE

Kompetanseutviklinga er viktig i ei tid med store utfordringar. Mange tilsette har difor i 2009 delteke på kurs og konferansar i regi av Coop Noreg og Samfo. I tillegg har laget gjennomført kurs og møter i eigen regi.

51 butikksejfar innan daglegvarer fullført eit leiarprogram i regi av Coop Kompetanse. I februar 2010 avsluttar 16 butikksejfar for faghandel sitt leiarprogram. Kurset tok for seg bevisstgjeriing i leiarrolla, praktisk trening i leiing og fokus på å skape resultat.

MILJØ

Forureining av det ytre miljø som følgje av laget si verksemd er minimal. Kjerneverksemda til Coop Vest SA er kjøp og sal av varer. Verksemda påverkar miljøet direkte og indirekte



Verda på besøk

Styret i ICA, «Verdens Coop» fekk sjå det nyaste butikk-konseptet i norsk kooperasjon då dei besøkte Coop Extra, Førde.

gjennom transport, avfall, energiforbruk og dei miljømessige effektar varene kan medføre etter at den er selt til forbrukar.

Miljøaspekt har sterk forankring i Coop sitt verdigrunnlag. Ein av Coop sine kjerneverdier er «omtanke» – for menneske, dyr og miljø. Vi ønskjer å motverke miljømessige skadeverknader gjennom ein strategi som går på å vere i fremste rekke når det gjeld avfallshandtering, bruk av miljøvenlege kjølemedier, varmegjenvinning og energikonominisering generelt. Ved oppbygging og planlegging av nye butikkar ynskjer vi å ivareta miljøhensyn i størst mogleg grad. Coop satsar aktivt på å bygge ut daglegvaresortimentet med økologiske og miljøvennlege produkt. Med dette håpar vi å medverke til gode haldningar blant medarbeidarar og forbrukarar. Coop sine daglegvarekjeder er dei største norske kjedane som har størst sortiment av økologiske og miljøvennlege varer. Våre verdier skal prege det arbeidet vi gjer, våre vegval, vårt samarbeid internt og eksternt, kunderelasjonar og heile vår bedriftskultur.

FINANSIELL RISIKO OG UTSIKTER FRAMOVER

Samvirkelaget er lite disponert for endringar i valutakursar, då det alt vesentlege av innkjøp og omsetning skjer i norske kroner. Likviditeten i selskapet vert vurdert som tilfredsstillande. Det er ikkje beslutta å gjennomføre tiltak som endrar likviditetsrisikoen.

Årets resultat viser ein positiv trend. Fleire butikkar viser i år gode resultatforbetringar, spesielt Coop Extra daglegvarer har hatt ei fin utvikling.

Det er framleis rom for forbetringar. Vi vil ha fokus på å redusere svinn, effektivitet, godt arbeidsmiljø og verktøyet «Klar for Kunde» i 2010.

Våre oppgraderingsprosjekt i eksisterande butikkportefølje har gjeve god omsetningsauke. Dei store investeringsprosjekta tyngjer avdelingsrekneskapa. Men auka konkurransekraft vil trygge butikkane og gje framtidig god lønnsemd. Nye oppgraderingsprosjekt står klare i 2010 og investeringsbudsjettet er på 25 mill kroner.

Nyetableringar vert vurdert fortløpande i forhold til moglegheiter i markedet, kalkulert inntening og risiko. Gjennom dette skal fortsatt salsvekst og langsiktig lønnsemd sikrast.

GRUNNLAGET FOR VIDARE DRIFT

Årsrekneskapen er gjort opp ut frå føresetnad om vidare drift. Styret meiner at det er godt nok grunnlag for vidare drift.

Styret meiner at det framlagde rekneskapet gjev eit rett bilde av Coop Vest SA og konsernet sine eigendelar og gjeld, finansiell stilling og resultat.

BUDSJETT 2010

Budsjettet for 2010 viser eit resultat før skatt på kr 21.595.000

som utgjør 1,5 % av omsetninga. I budsjettet for 2009 var tilsvarende resultat kr 18.293.000, eller 1,3 % av omsetninga.

KJØPEUTBYTTE 2010

Det er førehandsgarantert 1% kjøpeutbytte for år 2010.

AVSLUTNING

I skrivande stund er vi allereie langt inne i eit nytt år med nye store oppgaver for Coop Vest SA. Året vert krevjande, med mange moglegheiter. I ei tid med store butikkomleggingar, står arbeidsoppgåvene i kø. Saman skal vi gjere alt for at Coop Vest SA skal ha ein sterk marknadsposisjon og framstå med gode og tidsriktige butikkar.

Vi må fokusere på rasjonell, effektiv og konkurransedyktig drift. Butikkane i marknadsområdet vårt må tilpassast brukarane for å vinne konkurransen.

Styret vil til slutt takke alle som i år 2009 har bidrege til at vi fekk den positive utviklinga i Coop Vest SA. Takka går til alle tilsette for stor og god innsats, til tillitsvalde på alle plan og ikkje minst til våre medlemmer og kundar som støtter opp om laget.

Førde 03. mars 2010

Wilhelm Gjertsen, leiar
Sign.

Geir Hole, nestleiar
Sign.

Margaret N Solheim
Sign.

Harald Lillestøl
Sign.

Trudi Vågene
Sign.

Anders Kleiveland
Sign.

Ragnhild Dybvik
Sign.

Geir Espe, Adm.dir
Sign.



MEDLEMSTILBOD

35,-

for liten hamburger (150g)

Ordinærpris kr 74,-

Tilbudet gjeld i veke 10,11 og 12



Breim Servicesenter

Telefon 57 86 73 46

Kjøpeutbytte i alle Coop Vest sine butikkar

Les meir om medlemsfordelane på coop.no





Varehussjef Geir Iversen, Coop Extra Førde

Coop Extra Bygg Førde

blei kåra til årets beste
butikk i Kunde-
undersøkelsen.

Coop Vest SA – Resultatrekneskap pr. 31.12 2009

	NOTE	2009		2008	
			%	i 1000 KR	%
SALSINNTEKT	3	1 404 256 403	100,00	1 349 226	100,00
VAREKOSTNAD		1 106 673 718	78,81	1 075 332	79,70
BRUTTOFORTJENESTE		297 582 685	21,19	273 895	20,30
ANDRE DRIFTSINNTEKTER	2	35 184 686	2,51	40 953	3,04
NETTO DRIFTSINNTEKTER		332 767 371	23,70	314 848	23,34
LØNNSKOSTNAD	5	185 309 536	13,20	180 666	13,39
AVSKRIVING PÅ VARIGE DRIFTSMIDLAR	7	23 872 140	1,70	22 637	1,68
ANNA DRIFTSKOSTNAD	14	94 305 085	6,72	89 317	6,62
SUM DRIFTSKOSTNADER		303 486 762	21,61	292 620	21,69
DRIFTSRESULTAT		29 280 609	2,09	22 228	1,65
FINANSINNTEKTER	2	2 428 868	0,17	7 690	0,57
FINANSKOSTNADER	2	6 201 127	0,44	11 345	0,84
NETTO FINANSIELLE POSTAR		-3 772 259	-0,27	-3 655	-0,27
ORDINÆRT RESULTAT FØR SKATTEKOSTNADER		25 508 350	1,82	18 572	1,38
SKATTEKOSTNAD PÅ ORDINÆRT RESULTAT.	10	5 250 740	0,37	938	0,07
ÅRSRESULTAT		20 257 609	1,44	17 634	1,31
OVERFØRINGAR					
OVERFØRT TIL RESERVEFOND		0		4 409	
OVERFØRT TIL RENTER AV ANSVARSINNSKOT		84 905		201	
OVERFØRT TIL MEDLEMANE SOM KJØPEUTBYTTE		18 778 393		17 309	
OVERFØRT TIL/FRA ANNA EIGENKAPITAL		1 394 311		-4 284	
Sum overføringar		20 257 609		17 634	

Kjøpeutbytte i alle Coop Vest sine butikkar

Les meir om medlemsfordelane på coop.no



Coop Vest SA sitt investeringsbudsjett er på 25 millionar kroner

Coop Vest SA – Balanse pr. 31.12 2009

		2009		2008	
	NOTE		%	i 1000 KR	%
EIGENDELAR					
Anleggsmidler					
IMMATERIELLE EIENDELAR					
UTSATT SKATTEFORDEL	10	26 776 604		29 146	
Sum immatrielle eiendeler		26 776 604	4,64	29 146	5,34
Varige driftsmidler					
AKTIVERTE KOSTN. LEIDE LOKALER	7	1 290 000		1 084	
TOMTER,BYGNINGAR	7	212 748 350		218 003	
MASKINER OG ANLEGG	7	24 428 609		20 911	
INVENTAR,KONTORMASKINER	7	32 054 750		37 538	
Sum varige driftsmidler		270 521 709	46,87	277 536	50,87
Finansielle anleggsmidler					
INVESTERING I DOTTERSELSKAP	8	20 201 000		20 201	
INVESTERING I TILKNYTTA SELSKAP	8	5 001 200		5 001	
LÅN TIL DOTTERSELSKAP	8	1 986 365		0	
ANDELSINNSKOT NKL		33 113 614		33 114	
INVESTERING I AKSJER OG ANDELER		535 667		514	
Sum finansielle anleggsmidler		60 837 846	10,54	58 830	10,78
SUM ANLEGGSMIDLAR					
		358 136 159		365 512	
Omløpsmidlar					
VAREBEHOLDNING	4-9	104 835 001		98 489	
PROSJEKTER I ARBEID		3 422 152		5 845	
DEBITORAR		19 368 669		15 059	
ANDRE FORDRINGER		3 090 680		11 586	
INNSKOT NKL		9 060 236		5 966	
BANKINNSKOT,KONTANTER	13	79 216 213		43 169	
Sum omløpsmidlar		218 992 951	37,95	180 114	33,01
SUM EIGENDELAR					
		577 129 110	100,00	545 626	100,00

Bank i butikk

Coop Vest tek samfunnsansvar, no bank i butikk. 4 av Coop Vest sine butikkar har teke over enkelte bantenester frå Sparebanken Sogn og Fjordane.



Coop Vest SA – Eigenkapital og gjeld

NOTE	2009		2008	
		%	i 1000 KR	%
EIGENKAPITAL				
INNSKOTEN EIGENKAPITAL				
MEDLEMANE SITT ANSVARSINNSKOT	11-12	12 539 718	12 197	
Sum innskoten eigenkapital		12 539 718	12 197	2,24
Opptjent eigenkapital				
FELLESEIGD ANSVARSKAPITAL	11	37 149 756	37 150	
UTBYTTEFOND	11	25 063 832	25 064	
ANNA EIGENKAPITAL	11	108 038 526	106 644	
Sum opptjent eigenkapital		170 252 115	168 858	30,95
SUM EIGENKAPITAL	11	182 791 833	181 055	33,18
GJELD				
AVSETNING FOR FORPLIKTELSAR				
PENSJONSFORPLIKTELSE	6	11 758 005	13 284	
Sum avsetning for forpliktelser		11 758 005	13 284	2,43
Anna langsiktig gjeld				
MEDLEMSINNSKOT		227 702 943	215 934	
GJELD TIL KREDITTINSTITUSJONAR	9, 16	27 255 000	29 395	
ØVRIGE LANGSIKTIG GJELD		100 000	195	
Sum anna langsiktig gjeld		255 057 943	245 524	45,00
Kortsiktig gjeld				
GJELD TIL KREDITTINSTITUSJONAR	9	4 102 485	5 814	
LEVERANDØRGJELD		46 621 981	18 186	
BETALBAR SKATT	10	2 100 067	1 026	
SKULDIG OFFENTLEG AVGIFTER		23 146 408	29 002	
SKULDIG KJØPEUTBYTTE		18 884 898	17 470	
ANNA KORTSIKTIG GJELD	15	32 665 490	34 266	
Sum kortsiktig gjeld		127 521 330	105 763	19,38
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		577 129 110	545 626	100,00

FØRDE DEN 31. DESEMBER 2009 / 03. MARS 2010

Sign.
Wilhelm Gjertsen
styreleiar

Sign.
Geir Hole
nestleiar

Sign.
Harald Lillestøl
styremedlem

Sign.
Trudi Vågane
styremedlem

Sign.
Margaret Ness
Solheim
styremedlem

Sign.
Ragnhild Dybvik
styremedlem valt
av tilsette

Sign.
Anders Kleiveland
styremedlem valt
av tilsette

Sign.
Geir Espe
Adm. direktør

Post i butikk

Coop Marked Hornindal vart kåra til sommarens Post i Butikk i distriktet som omfattar 49 forretningar i Nordfjord, Sunnmøre og Møre.



Notar til rekneskapen 2009

1 REKNESKAPSPRINSIPP

Årsrekneskapet er sett opp i samsvar med rekneskapslova av 1998 og god rekneskapskikk i Noreg.

Hovudregel for vurdering og klassifisering av eigendelar og gjeld: Eigendelar bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmidlar. Andre eigendelar er klassifisert som omløpsmidlar. Fordringar som skal tilbakebetalast innan eit år er klassifisert som omløpsmidlar. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarende kriterium lagt til grunn.

Anleggsmidlar er vurdert til anskaffingskost med frådrag for planmessige avskrivningar. Anleggsmidlar som ein reknar med har varig verdi lågare enn balanseført verdi, er nedskrivne. Anleggsmidlar med avgrensa økonomisk levetid blir avskrivne lineært over den økonomiske levetida.

Omløpsmidlar er vurdert til lågaste av anskaffingskost og verkeleg verdi.

Annan langsiktig gjeld og kortsiktig gjeld er vurdert til pålydande beløp.

Fordringar: Kundefordringar og andre fordringar er førte opp til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap. Avsetning til tap blir gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av dei enkelte fordringane.

Bankinnskot, kontantar o.l.: Bankinnskot, kontantar ol. inkluderer kontantar, bankinnskot og andre betalingsmiddel med forfallsdato som er kortare enn tre månader frå anskaffing.

Pensjoner Innskotsordning: Innskotsplanar periodiserast etter samanstillingsprinsippet. Årets innskot til pensjonsordning kostnadsførast.

Ytelsesordning: Ved rekneskapsføring av pensjon er lineær oppteningsprofil og forventa sluttlønn som oppteningsgrunnlag lagt til grunn. Estimataavvik og virkning av endra forutsetningar er amortisert over forventa attverande opptjeningstid i den grad dei overstig 10 % av den største av pensjonsansvar og pensjonsmidlar (korridor). Virkninga av endringar i pensjonsplan er fordelt over attverande opptjeningstid. Arbeidsgiveravgift er inkludert i tala. Pensjonsmidlar er vurdert til verkeleg verdi.

Obligatorisk tjenstepensjon (OTP): Selskapet har oppretta obligatorisk tjenstepensjon slik lovverket krev.

Skattar: Skattekostnaden er samanstilt med rekneskapsmessig resultat før skatt. Skatt knytta til eigenkapitaltransaksjonar er ført mot eigenkapitalen. Skattekostnaden er sett saman av betalbar skatt (skatt på årets direkte skattepliktige inntekt) og endring i netto utsett skatt. Skattekostnaden er fordelt på ordinært resultat og resultat av ekstraordinære postar ut frå skattegrunnlaget. Utsett skatt og utsett skattefordel er presentert netto i balansen.

Inntekter: Inntekt rekneskapsførast når den er opptjent, altså

når både risiko og kontroll i hovudsak er overført til kunde. Dette vil normalt være tilfellet når vara er levert til kunde. Inntektene rekneskapsførast med verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet.

Kontantstraumoppstilling: Kontantstraumoppstillinga er utarbeida etter den indirekte metoden. Kontantar og kontantekvivalentar omfattar kontantar, bankinnskot og andre kortsiktige, likvide plasseringar.

Anleggskontrakter: For anleggskontrakter vert det føreteke det løpande inntektsføring i takt med framdrifta av prosjektet (løpande avregnings metode). Fullføringsgraden bereknast som påløpte kostnader på balansedagen i prosent av estimert totalkostnad. For anleggskontrakter som forventes å gje tap, vert det føreteket avsetning for nettokostnaden ved gjenværende kontraktsfestet produksjon.

2 POSTAR SOM ER SAMANSLEGNE

Resultatrekneskapen	2009	2008
Andre driftsinntekter		
Husleigeinntekt	1 715 109	1 596 830
Provisjonsinntekter	10 206 131	10 417 661
Bonus NKL og andre	14 220 514	13 612 162
Transportinntekter	2 386 879	2 499 992
Arbeidsinntekt verkstad	1 015 149	1 124 778
Vinst v/sal anleggsmiddel	407 749	10 440 604
Diverse inntekter	5 233 155	1 260 938
Sum andre driftsinntekter	35 184 686	40 952 965
Finansinntekter		
Renteinntekt	2 418 438	4 369 230
Anna finansinntekt	10 430	3 320 639
Sum finansinntekter	2 428 868	7 689 869
Finanskostnader		
Rentekostnader	5 769 260	10 910 771
Annan finanskostnad	431 867	434 507
Sum finanskostnader	6 201 127	11 345 278

3 SALSINNTEKTER

Pr. verksemdsområde	2009	2008
Handelsverksemd		
- detaljhandel/daglegvarer	1 226 946 816	1 151 615 680
Handelsverksemd		
- detaljhandel/faghandel	177 309 586	197 610 786
Sum	1 404 256 403	1 349 226 466
Omsetning fordelt pr. profil		
Mega	497 658 977	478 825 073
Extra	142 135 972	111 087 637
Prix	228 767 972	214 106 335
Marked	342 739 020	332 716 681
Nærkjøp	15 644 876	14 879 954
Spesialvarer (1)	34 374 416	50 946 121

Kafe	9 332 765	9 310 651
Byggmix (2)	109 892 069	111 530 137
Driftsmiddel	3 943 264	4 555 581
Esso	19 767 072	21 268 296
Sum	1 404 256 403	1 349 226 466

(1) Nedgang omsetning spesialvarer skyldes hovudsakelig at Intersport Sogndal vart seld i slutten av 2008 (2) Nedgang omsetning byggmix skyldes hovudsakelig at Byggmix Florø og Jernvare Lærdal vart lagt ned i slutten av 2008.

4 VARER

Varer er vurdert til det lågaste av gjennomsnittleg anskaffingskost og netto salsverdi. Varebeholdninga er i balansen ført opp til kostpris med frådrag for ukurans.

5 LØNNSKOSTNADER, ANTALL TILSETTE, GODTGJERINGAR, LÅN TIL TILSETTE MM.

Lønnskostnader	2009	2008
Lønningar	155 490 663	154 199 495
Folketrygdavgift	19 548 529	19 274 913
Pensjonskostnader	9 246 415	5 520 160
Andre ytingar	1 023 929	1 671 321
Sum	185 309 536	180 665 889
Gjennomsnittleg antal tilsette	932	959
Ytingar til leiande personar	Dagleg leiar	Styret
Lønn	1 146 389	258 400
Anna godtgjering	6 000	

Revisor

Godtgjersle til KPMG er fordelt slik:
 Lovpålagt revisjon 271 250
 Bistand rekneskap/likningspapir 66 500

6 PENSJONSKOSTNADER, -MIDDEL OG -ANSVAR

